



KULTURMILJØ

Kystvegen Sogn og Fjordane

Delrapport til regional utgreiing



INNHALD

1	INNLEIING	2
2	METODE	4
2.1	DEFINISJON OG AVGRENSING AV TEMA	4
2.2	FRAMGANGSMÅTE	4
2.3	GRUNNLAGSMATERIALE	4
3	VURDERINGAR AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	5
3.1	DELSTREKNING 1 SLØVÅG–RUTLEDAL	5
3.2	DELSTREKNING 2 RUTLEDAL–DALSFJORDBRUA	8
3.3	DELSTREKNING 3 DALSFJORDBRUA–GROV (RV. 5)	11
3.4	DELSTREKNING 4 GROV–SØRDALEN	15
3.5	DELSTREKNING 5 SØRDALEN–NAVEOSEN	17
	LITTERATUR	20


1 INNLEIING

Kystvegen er eit fylkeskommunalt prosjekt som strekker seg langs kysten frå Bergen til Ålesund. Den regionale utgreiinga skal sjå på korleis ein kan få ein samanhengande kystveg gjennom Sogn og Fjordane, kva funksjon og standard denne vegen skal ha, tiltak på delstrekningar, ulike traseval og kostnadsoverslag. Prosjektområdet i Sogn og Fjordane strekker seg frå Sløvåg i Gulen kommune i sør til Naveosen i Vågsøy kommune i nord. Strekinga er delt inn i 5 delstrekningar, jf. kart i vedlegg 1.

På somme delstrekningar er det utgreidd eit indre og eit ytre alternativ til vegtrasé, og innan desse alternativa kan det vera variantar av løysingar.

Undervegs i arbeidet med utgreiinga er også andre løysingar vurderte. Somme er forkasta, andre kan vera aktuelle, men er pr. no ikkje vurdert som det mest sannsynlege trasevalet. Desse alternativa vert ikkje/i mindre grad omtala i notatet.

Denne delrapporten inneheld berre kulturminnevurderingar knytt til utgreiinga, og skal inngå som eit grunnlag for hovudrapporten.



Figur 1-1: Vurderte trasear for kystvegen gjennom Sogn og Fjordane

2 METODE

2.1 Definisjon og avgrensing av tema

Sidan arbeidet med Kystvegen er på eit overordna nivå, er det ikkje mogleg å vurdera kva konkret konsekvens vegen vil få for kulturmiljøa. I dette notatet vil ein difor sjå på kva kjende kulturminne som er i dei ulike områda. Det vil bli gjort ei overordna vurdering av kulturminneverdien i eit område. Dei to alternativa og tilhøyrande variantar vil bli gjennomgått i forhold til kjende kulturminneverdiar, og det vert gjort ei vurdering av konfliktpotensialet. Konfliktpotensialet vil bli gradert etter ein tredelt skala: lite – middels – stort konfliktpotensial.

2.2 Framgangsmåte

I notatet blir det trekt fram viktige kulturminne/–miljø. Det vil bli peika på viktige omsyn som må takast med i den vidare planlegginga, der slike omsyn er kjende. Då utgreiinga tek utgangspunkt i kjende kulturminne/–miljø, kan det bli avvik frå konklusjonane i dette notatet til konklusjonar i vidare planleggingsfasar. Når ein veit meir eksakt kvar vegen skal gå, vil ein også få meir detaljert kunnskap om eventuelle konfliktar.

Saman med dette kulturminnenotatet ligg også eit kartmateriale vedlagt. Det er kart som viser dei ulike vegalternativa, og der kulturminna i Askeladden er lagt på. Konfliktpotensialet på dei ulike strekningane er teikna inn. Fargane grøn (lite konfliktpotensial), gul (middels konfliktpotensial) og raud (stort konfliktpotensial) er brukt. Det er lagt på ein korridor som strekkjer seg 200 m utanfor den teikna lina på kvar side. Berre korridorane som viser på kartet er vurderte. Som vedlegg til dette kulturminnenotatet ligg ei liste over dei freda kulturminna som kan bli råka av utbygginga.

2.3 Grunnlagsmateriale

Det vil stort sett berre bli teke omsyn til kulturminne som finst i kulturminnedatabasen Askeladden. Unnateke er Den Trondhjemske postveg, eit nasjonalt viktig kulturminne som ikkje ligg i digitale kart. Det vil i avgrensa grad bli teke omsyn til Sefrak-registreringane. Dette skuldast at det berre er eit register over bygningar eldre enn ca. 1920, og ikkje seier noko om kulturminneverdien til bygningane. Det er elles slik at det ikkje er utført Sefrak-registreringar i alle område. Dersom underteikna sit med spesiell kunnskap om eit område som ikkje ligg i Askeladden, vert dette teke omsyn til. Sidan vurderingane berre skal skje på eit overordna nivå, har det ikkje vore høve til å synfara dei aktuelle strekningane. Slik sett vil potensial for nye funn ikkje/ i lita grad bli teke med i vurderingane. Der denne kunnskapen likevel finst, vil det bli kommentert.

3 VURDERINGAR AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

3.1 Delstrekning 1 Sløvåg–Rutledal

Delstrekning 1 følgjer i hovudsak fv. 57 frå Sløvåg til Rutledal i Gulen kommune. Det ligg berre føre eit alternativ for strekninga.

Sløvåg

På Sløvåg er seks små steinalderlokalitetar, der i alle fall tre av dei kan koma i konflikt med kystvegen.

Molde

Ved Molde, like sør for Dalsøyra er registrert eit kulturlandskap som er registrert som regionalt viktig (fylkesatlas.no). Avgrensinga av området er grov, og det må gjerast grundigare undersøkingar før ein veit om traseen vil råka verdiane her. Nord i Dalsøyra er det lagt inn ein kort tunnel, som kan råka eit særprega kulturlandskapselement, ein geil. Det er ei fegate laga av to parallelle steingardar. Middels konfliktpotensial.


Den Trondhjemske postveg gjennom Gulen

Heile postveg–strekningen gjennom Gulen kommune er forskriftsfreda. Ein del stadar er den allereie nedbygd av veg. Der postvegen enno ligg intakt, er dette eit viktig nasjonalt samferdslekulturminne, og ein må gjera det ein kan for å ta vare på den. Det er svært stort konfliktpotensial på stadar der postvegen står i fare for å bli råka av ny Kystveg.

Der fv. 57 møter vegen ned til Halsvik, ligg Den Trondhjemske postveg under dagens veg. Etter å ha rodd Nordgulfjorden, har postvegen kome på land att i Haveland. Den har gått frå Haveland til Rutledal over land. Frå Haveland bru til framom Bruhaugbrua finn ein postvegen bra intakt ein kilometer. Derifrå over til Rutledal stykkevis broten og nedbygd under nyare veg, men elles godt synleg i terrenget, m.a. nær tre kilometer samanhengande strekning ved Trangane mot Rutledal. Frå Nordgulen mot Rutledal er det tre steinbruer; Bruhaugbrua, Sætrebrua og Trangebrua. Bruhaug- og Trangebrua er i relativt bra stand.

Kystvegen er for ei stor grad planlagt i postveg–traseen frå Nordgulen til Rutledal. Der vegen enno er intakt, bør ein finna andre løysingar på ny veg. Dette gjeld mellom anna nord for søre Nordgulvatnet, der Kystvegen er lagt noko om i forhold til dagens trasé. Her treff Kystvegen postvegen!

Frå Sandvika og nordover ligg postvegen langt på veg intakt. Her ligg også flotte Trangane steinhellebru. Den vart bygd i 1788. Frå Sandvik og nord til Tjørneleitet er det meget stort konfliktpotensial mellom Kystvegen og Den Trondhjemske postveg. Her må ein finna ein annan trasé. Ved Tjørneleitet går postvegen noko lenger frå dagens veg fram til ein kjem til rett nord for Stølsleitet. Herifrå vert det på nytt svært stort konfliktpotensial mellom Kystvegen og postvegen over eit kort stykke.





Figur 3-1: Konfliktpotensial for kulturmiljø langs delstrekning 1: Sløvåg–Rutledal.



Figur 3-2. Ei av dei opphavlege bruene som er tekne vare på. I dette området er det stort konfliktpotensial. Foto: Marit Anita Skrede, SVV 2014.



Figur 2. Den Trondhjemske postveg i Nordgulen. Foto: Bjørn Christian Grassdal, SVV 2016.



Oppsummering

Innan delstrekning 1 er det berre eitt alternativ. Om dette vil bli det endelege valet, er det særst viktig at ein tidleg i planprosessen skaffar seg full oversikt over kvar Den Trondhjemske postveg går. Det er potensielt svært stort konfliktpotensial i delar av delstrekning 1, då øydeleggingar av postvegen vil krevja at Statens vegvesen går til motsegn på planen.

Strekning	Konfliktpotensial
Sløvågen – Eide	Middels
Eide – Molde	Lite
Området rundt Dalsøyra	Middels
Nord for Dalsøyra – Haveland	Lite
Haveland – Rutledal	Stort

Det absolutt største konfliktpotensialet på delstrekning 1 er knytt til Den Trondhjemske postveg som her er forskriftsfreda.

3.2 Delstrekning 2 Rutledal–Dalsfjordbrua

Delstrekning 2 følger i hovudsak fv. 57 frå Rutledal til Dalsfjordbrua. Det ligg berre føre eit alternativ for strekninga.

Hyllestad kommune

Når ein kjem forbi Rysjedalsvika, kjem ein til Bø kyrkje og kyrkjestad (Askeladden ID 83990 og 83993). Sjølv om vegen truleg kjem til å ligga eit stykke herifrå, vil kyrkja og kyrkjestaden bli påverka av tiltaket. Det er avgjerande kor langt frå vegen går her, samt korleis tiltaket vil stå fram for å vurdere konfliktpotensialet her. Det kan potensielt bli stor konflikt her. Om lag 500 m lenger aust er ein gravhaug, om lag 35 m frå dagens veg. Ein ny og breiare veg her, vil gje stort konfliktpotensial.

Når vegen kjem ut av tunnel i Dale, kan ein merka seg at her er fleire bygningar, mellom anna ei sperrestove med uviss alder og eit bustadhus frå 1700-talet. Middels konfliktpotensial.

Den Trondhjemske postveg

Dei to bruene Ås og Foss, høyrer til Den Trondhjemske postveg, og vart bygd i 1806. Truleg ligg Ås bru utanfor området som vert råka av vegbygging. Foss bru ligg tett på traséen, og det er såleis stort konfliktpotensial her. Det same er tilfelle nord mot Staurdal, der om lag 600 m av postvegen skal ligga att i terrenget.

Fram til Eidsneset er postvegen bygd ned av riksvegen. For å vurdere kor stor konflikt ny kystveg gjennom Hyllestad og Fjaler vil få her, må ein synfara området for så sjå kor mykje av postvegen som ligg att, og eksakt plassering av den. Ut frå dagens kunnskap er konfliktpotensialet stort.

Når vegen kjem ut i dagsone att ved Alefjellet, er det potensielt stor konflikt med postvegen. Det er viktig å ta omsyn til postvegen ved vidare planlegging her. Postvegen går noko aust for Kystvegen nord til Beitesetene. Lengst sør kan det bli konflikt. Ved noko omlegging av Kystvegtraseen, kan det også bli konflikt i fortsetjinga. Det er såleis viktig å få målt inn postvegen her, og ta dette med seg i vidare planlegging. På Beitesetene er det per i dag stort konfliktpotensial.

NB! Svart line (forkasta alternativ) har her stort konfliktpotensial då den fyl postvegtraseen frå Beitesetene, mellom anna forbi Skorsfossen kulturmiljø.

Det er potensiell konflikt ved Rennestraum, men mykje tyder på at vegen her allereie er mykje nedbygd. Det er noko usikkert kor postvegtraseen mellom Rennestraum og Flekke gjekk, og me kan ikkje utelukke konflikt også her.

Frå Flekke og vidare, er det mest truleg ikkje konflikt med postvegen. Men dersom svart alternativ (gjennom Flekke) likevel blir valt, kan det bli konflikt. Når ein kjem forbi Stavsdalen, vil det bli noko kortare avstand mellom Kystvegen og postvegen, men ut frå lina som ligg føre i dag, blir det ikkje konflikt før ein kjem til Stav. Her går postvegen parallelt med dagens veg, og konfliktpotensialet er stort. Dette er tilfellet omtrent fram til Selbakken.

Frå Håland bru til Dale er det lite att av postvegen. Ved Sletteland står restar av steinbru og ca. 50 meter veg. Frå Dingemoen skule ned Trollaskaret har postvegen lenge vore intakt, men er etter kvart vekke. Det er stort konfliktpotensial med postvegen frå Håland bru til Kystvegen går inn i ny tunnel bak Dale sentrum.

Alternativ S1 Rysjedalsvika – Losna – Krakhella.

På Kyrkjeneset på Losna er det mange ulike kulturminne. Vegene frå Krakhella til Hardbakke er dessutan i NVP (160 –161 NVP). Dette alternativet har stort konfliktpotensial.

Alternativ S2 Solund – Losna – Skorpa – Lifjorden

I Lifjorden er mellom anna to gravminne. Her er konfliktpotensialet middels. Resten av dette alternativet har lite konfliktpotensial.

Oppsummering

For Kystvegen er det er eitt alternativ i delstrekning 2.


Som i delstrekning 1 går Den Trondhjemske postvegen her i lengre strekke i området der ein planlegg ny veg. Dersom ein vel å gå vidare med denne traseen, er det særskild viktig at ein skaffar seg detaljert oversikt over kvar postvegen går, og at ein klarar å leggja Kystvegen slik i terrenget at postvegen ikkje vert råka.

Strekning	Konfliktpotensial
Rysjedal – Bø	Lite
Bø –Skor	Stort
Skor– Kvia	Lite
Kvia – Flekke	Stort
Flekke – Stav	Middels
Stav – Dale	Stort
Dale	Middels

Det er mange omsyn som må takast rundt Leirvik. Vidare er det særleg Den Trondhjemske postveg det må takast omsyn til.

Til Solund er det vurdert to innkortingar av vegsambandet. Eit alternativ med ferje og eit utan. Det nordlege alternativet (S2) er det minst konfliktfylte i forhold til kulturminneomsyn.

Alternativ	Strekning	Konfliktpotensial
S1 innkorta ferjesamband	Rysjedalsvika – Nesholmsundet	Lite
	Losna – Krakhella	Stort
S2 fastlandssamband	Solund – Losna – Skorpa – Hyllestad	Lite
	Lifjorden	Middels



Figur 3-3: Konfliktpotensial for kulturmiljø langs delstrekning 2: Ruteldal–Dalsfjordbrua og Solund

Samband til Solund

Det er vurdert to alternativ for å korte inn reisetida til Solund. Alternativ S1 er eit innkorta ferjesamband med vegutbygging vest for Rysjedalsvika og mellom Losnegard og Krakhella. Alternativ S2 er eit fastlandssamband over Losna og Skorpa til Lifjorden.

3.3 Delstrekning 3 Dalsfjordbrua–Grov (rv. 5)

I delstrekning 3 er det to hovudalternativ, ytre alternativ(raud linje) og indre alternativ(grøn linje). I ytre alternativ er det fleire variantar, vist med oransje og gul.

Indre alternativ

Her er det ingen kjende konflikhtar. Mykje av strekninga ligg i tunnel.

Ytre alternativ – raude variantar (A2, B2 og C1)

I Rivedal er ein bautasteinslokalitet (A-ID 55515). Per no ligg denne så langt frå teikna linje, at den går klar. Men det er viktig å ta omsyn til bautasteinene i vidare planlegging. Middels konfliktpotensial.

I Holmedal er mange kjende kulturminne mellom dagens fylkesveg og sjøen (sjå kart og liste med kulturminne). Her er det stort konfliktpotensial.

På Ringstad er ei bu frå mellomalderen som er automatisk freda (A-ID 87322). Det er lagt opp til kort tunnel bak tunet. Per no er det middels konfliktpotensial, men ein må vera merksam i vidare planprosessar. På same gard er i tillegg eit gravfelt med to gravrøyser (A-ID 6676).

På Korsneset ligg to gravrøyser (A-ID 45720 og 45721). Sjølv om dei no ligg meir enn 100 m frå dagens veg, kan røysene bli påverka av ny veg. Middels konfliktpotensial.


I Stongfjorden er svært mange Sefrak-registrerte bygningar. På bakgrunn av historia til Stongfjorden som gamal industristad, er det mykje som tyder på at her er eit viktig kulturmiljø med arbeidarbustadar. Truleg vil ikkje dette kulturmiljøet i særleg grad bli råka av Kystvegen, men det må gjerast vidare vurderingar i seinare planfasar.

I Vågane er det ei gravrøys (A-ID 25758), samt ein steinalderbuplass (A-ID 107852). Gravrøysa går truleg klar, men det er avgjerande korleis vegen vert lagt i terrenget. Steinalderbuplassen kan bli råka ved raud line, går truleg klar ved oransje line. Middels konfliktpotensial.

Det er ei gravrøys på Flokeneset (A-ID 36135). Stort konfliktpotensial.

I området Horne, Svortevika, Svortevikholamane, Nedre Standal er fleire gravrøyser. Her er det stort konfliktpotensial.

Raud line kjem ut med tunnel i Ausevika. Her ligg ein av dei største og viktigaste bergkunstlokalitetane i landet. Rundt bergkunstlokaliteten er fleire buplassar frå steinalderen. Her bør ein gjera endringar, slik at tunnelen kjem ut lenger aust og ikkje råkar bergkunstlokaliteten verken fysisk eller visuelt. Dei mange buplasslokalitetane rundt bergkunstlokaliteten viser stor bruk av området i steinbrukande tid, og det er såleis potensial for å finna gjera fleire funn her. Stort konfliktpotensial.



Figur 3-4: Konfliktpotensial for kulturmiljø langs delstrekning 3: Dalsfjordbrua-rv.5.

Ytre alternativ – oransje og gule variantar (A1, B1 og C2)

Variant A1 – Den ytre linja har to alternative variantar til den rauda linja (A2) mellom Dalsfjorden og Førdefjorden. Den eine svingar av ved Eikeneset. Her er det ingen kjende konflikter. Lite konfliktpotensial.

Den andre oransje linja svingar rett nord frå Holmedal. Her er som sagt mange kulturminne. Det er omtrent like stort konfliktpotensial for denne linja som for raud line gjennom Holmedal. Stort konfliktpotensial.

Ved Vågane er noko mindre konfliktpotensial enn ved raud line.

Variant B1 – Den ytre linja har ein variant til den raude linja (B2) ved kryssing av Førdefjorden. Varianten kryssar Førdefjorden i bru ved Apalset, og utbetrar dagens veg eit stykke på sør og nordsida av Førdefjorden. Lite konfliktpotensial på sørsida av Førdefjorden. På nordsida er middels konfliktpotensial fram til Svortevik om lina blir liggande som no. Her er ein del kulturminne ved sjøen, som per no ikkje vert direkte råka.

Variant C2 – Den ytre linja har ein variant til den raude linja (C1) frå Fagerheim til rv. 5. Ny veglinje ligg vest for fv. 542 gjennom Eikefjorden. På Stakalleneset er det viktige diabasbrot, i tillegg til buplassar frå steinalderen. Dette er viktige lokalitetar å ta omsyn til. Per no ligg den planlagde oransje lina aust for lokalitetane. Det er viktig med omsyn til desse lokalitetane at lina ikkje blir trekt vestover. På Store Helgøya er ein buplasslokalitet. Denne ligg aust for planlagt line. I forhold til denne, må ikkje lina trekkast lenger aust.

Dei tre gravene på Grønenga må ein ta omsyn til ved val av oransje alternativ også.

Variant C2 har ein ekstra variant for å kunne kople ytre alternativ C2 til indre alternativ nord for rv. 5 (vist med gul linje). Denne varianten har eigen trasé frå Svartevatnet til Grov. Det er ingen kjende konfliktrar på sørsida av Leversundet. Men ved Leversund er tre buplasslokalitetar frå steinbrukande tid som kan bli råka. Ein av dei er ein stor lokalitet. Stort konfliktpotensial.

Oppsummering

Heile den indre linja i delstrekning 3 er vurdert til å ha lite konfliktpotensial.

Ytre linje har noko større konfliktpotensial, men det varierer kor stort konfliktpotensial det er på dei ulike delene. Ut frå kulturminneomsyn, ser det ut til å vera betre å velja oransje enn raud line det fyrste stykket frå Eikeneset til Flokeneset. Lenger nord er raud line frå Straumsneset til Eikefjord betre enn dei andre linene i dette området.

Alternativ	Strekning	Konfliktpotensial
Indre linje	Ottersteinen – rv 5	Lite
Ytre linje – raud	Eikeneset – Naustneset	Middels
	Naustneset – Ringstad	Stort
	Ringstad – Flokeneset	Middels
	Svortevik – Nesjane	Stort
	Nesjane – Gravenes	Middels
	Gravenes – Eikefjord	Lite
Ytre linje – oransje	Eikeneset – Vågane	Lite
	Vågane	Middels
	Vågane – Dyvikneset	Lite
	Apalset – Svortevik	Middels
	Straumsneset – Sandvika	Lite
	Kryssing Eikefjorden	Stort

På ytre line er det særleg i Holmedal, Flokeneset, Ausevika, Stakalleneset og Leversunddet at det er stort konfliktpotensial.

Ut frå kulturminneomsyn har den indre lina i delstrekning 3 minst konfliktpotensiale.

3.4 Delstrekning 4 Grov–Sørdalen

I delstrekning 4 er det to alternativ på deler av strekninga, ytre alternativ (raud linje) og indre alternativ (grøn linje).

Indre alternativ (rv. 5 til Myklebustdalen)

I Grovavika er registrert to steinalder-lokalitetar i Askeladden. Det kan sjå ut som i alle fall den eine allereie er utgravd i år 2000. Men dette må sjekkast opp. (Ask. ID 107035 og 107424). Sjølv om det blir lagt stort konfliktpotensial på området rundt Leversundet, er truleg potensialet for konflikt noko mindre for grøn enn for gul line.

På nordsida av Norddalsfjorden ligg ein busetnadslokalitet. Her er eit dyrkingslag som strekk seg heilt tilbake til yngre steinalder. Her er fleire tufter, men ingen som er automatisk freda. Dyrkingslaget viser likevel at her har vore busetnad- og jordbruksaktivitet langt bak i tid. Lokaliteten ligg rett under den austlegaste kraftlinja, og noko vest for den indre linja. Det er viktig å ta omsyn til lokaliteten i vidare planlegging.

Ved Haukå er ein buplass-lokalitet frå steinbrukande tid. Her er truleg ikkje konflikt, men viser eit visst konfliktpotensial.

Ytre alternativ (rv. 5 til Myklebustdalen)

På Brandsøy er mange kulturminne. Det kanskje største konfliktpotensialet her er den nedlagde kyrkjestaden som ein ikkje kjenner heilt lokaliseringa til. I tillegg er her fleire buplass-lokalitetar i nærleiken. Stort konfliktpotensial.

Det er eit gravfelt med tre graver på Grønenga. Desse blir truleg liggande langt frå ny veg, og vil bli lite påverka. Men ein må likevel ta dei med i vidare planlegging.

Felles strekning Myklebustdalen–Sørdalen

Frå Myklebustdalen til Sørdalen er det lite konfliktpotensiale.


Oppsummering

På den indre linja, er det største konfliktpotensialet rundt Grov. Her er kjende buplassar frå steinalderen. Det er usikkert kor vidt dei allereie er utgravne og frigjevne.

På den ytre linja er det største konfliktpotensialet i området ved Brandsøy.

Alternativ	Strekning	Konfliktpotensial
Indre linje	Grov	Stort
	Grovahaugane – sør for Norddalsfjorden	Lite
	Reiret – Haukå	Middels
	Haukå – Sørdalen	Lite
Ytre linje – oransje	Nord for Eikefjorden – Vågsåsen	Lite
Ytre linje – raud	Brandsøy – Grønengsvågen	Stort
	Litle Terøya – Sørdalen	Lite

Samla sett bli den indre lina vurdert til å ha litt mindre konfliktpotensial og vera litt betre i forhold til kulturminneomsyn enn den ytre lina.



Figur 3-5: Konfliktpotensial for kulturmiljø langs delstrekning 4: rv. 5-Sørdalen.


3.5 Delstrekning 5 Sjørdalen–Naveosen

I delstrekning 5 er det to hovudalternativ for kryssing av Nordfjorden, ytre alternativ (raud linje) og indre alternativ (grøn linje). I ytre alternativ er det ein variant for brukryssing av Nordfjorden, vist med oransje. I Ytre alternativ (raud) ser ein både på ferje og bru over Nordfjorden. Det er ikkje skilt på plassering av bru og ferje, sjølv om dette vil bli noko ulikt.

Indre alternativ

På Kollsete er fleire frigjevne lokalitetar (steinalder). Her er ein kjend lokalitet som ikkje er utgraven. Ut frå tettleiken av tidlegare kulturminne her, er det mykje som tyder på at her enno er ikkje kjende kulturminne.

Ved Rugsundstraumen er ein lokalitet av stor verdi (Ask. ID 115184). Det er eit samanhengande buplassområde med aktivitet frå sein steinalder, bronsealder og tidleg jernalder. Den indre linja gjev stort konfliktpotensial i dette området.




Figur 3-6. Lokaliteten midt på kartet har stor verdi. Den kan bli råka om indre linje vert vald.

Ved garden Elde, på Bruseneset, er tre kjende gravminne (Ask ID 6271 og 25812) som kan bli råka om den indre linja blir bygd slik den no ligg føre. Stort konfliktpotensial.



Figur 3-7. Dei to lokalitetane Ask ID 6271 (to gravminne) og 25812 (eitt gravminne) kan bli råka om indre linje blir valt.



Figur 3-8: Konfliktpotensial for kulturmiljø langs delstrekning 5: Sør dalen–Naveosen.

Ytre alternativ, variant A2 – Tongane–Biskjelneset

På sørsida av Rugsundøya er det kjent svært mange kulturminnelokalitetar. Sjølv om mange av desse ligg som intakte i Askeladden, må fleire vera utgravne. Tettleiken mellom lokalitetane viser likevel kor stor bruken av dette området ved Skatestraumen har vore. Den raude lina vil svinga av frå dagens fylkesveg ved Nygård og inn i fjell ved Hamnen. Akkurat dette området er i lita grad undersøkt tidlegare, men det er nok store sjansar for å finna nye steinalderlokalitetar her. På bakgrunn av kunnskapen me har om kulturminna i området, blir her sett stort konfliktpotensial, sjølv om det ikkje er kjende lokalitetar akkurat her.

Ved Ørnevika skal vegen ut av tunnel og inn på bru. Også er her fleire kjende steinalderlokalitetar. Stort konfliktpotensial.

På Angelshaug er mykje krigsminne.

Ytre alternativ, variant A1 – Almenningen

Denne lina ligg noko lenger aust enn line raud over Rugsundøya. Det er mange kulturminnelokalitetar i området der det blir planlagt dagline på sørsida av øya. Stort konfliktpotensial.

Det er ingen kjende kulturminnelokalitetar på nordsida av øya, eller der brua kjem i land på Almenningen, noko som gjev lite konfliktpotensial.

Felles strekning, Bryggja – Naveosen

Frå Bryggja til Naveosen er det berre eitt alternativ, utbetring av dagens veg.

På Indre Nore er eit automatisk freda gardstun (Ask. ID 87378). Dette ligg rundt 35 m frå dagens veg, og vil kunne bli indirekte råka av ei vegbygging her. Her er ei masstue som er datert til 1564. Stort konfliktpotensial. Gamal kvelvingsbru ved Maurstad, veg Bryggja–Maurstad–Lefdal (1867–1870). Vidare til Naveosen er lite konfliktpotensial.

Oppsummering

Innan delstrekning 5 er ei indre line, samt to alternativ for ytre line. Alle dei tre alternativa vert vurdert til å ha stort konfliktpotensial. Det er svært stor tettleik av automatisk freda kulturminne her, og truleg også stort potensial for funn av nye kulturminne. Kulturminneverdiane er særleg knytt til landområda ved Skatestraumen, Litløystraumen og Rugsundstraumen.

Alternativ	Strekning	Konfliktpotensial
Indre line	Leirgulen – Maurstad	Stort
Ytre linje – raud	Nygård – Nygård	Stort
Ytre linje – oransje	Haukedalen – Almenningen	Stort
Felles strekning	Indre Nore – Sollibakke	Stort
	Sollibakke – Naveosen	Lite

Det er vanskeleg ut frå kjend kunnskap å gradera dei tre ulike alternativa som ligg føre.

LITTERATUR

Askeladden.no

Den Trondhjemske postveg. Fylkesprosjekt Sogn og fjordane. Hovudplan for restaurering og forvaltning av postvegen.

Kommunerapportar om Den Trondhjemske postveg, laga i samband med fylkesprosjektet.



Statens vegvesen
Region vest
Ressursavdelinga
Askedalen 4 6863 LEIKANGER
Tlf: (+47 915) 02030
firmapost-vest@vegvesen.no

vegvesen.no

Trygt fram sammen